



Vinteren herja stygt også med busslomma, Uskedalens sentrale bed, Det er ingen liten jobb å skifta ut dei øydelagte plantane og blomane, men Sella Hjørnevåg har gått laus på jobben som den eldsjel ho er. Og kjenner vi ho rett, gjev ho seg ikkje før den er gjort.

- Men du lyt rosa Helge Naterstad og Ivar Kåre Døssland, seier ho og kvilar nokre stutte augneblink på riva.
- Det er ikkje berre Uskedal Utvikling som skal ha æra for at bedet vert rusta skikkeleg opp i ein ny sommar, men også dei 2 kommunale karane, legg ho til

Dei har lova oss både roser og andre blommar. Dei kjenner med andre od ansvar også for at det er vakkert også Uskedalen, ikkje berre i Rosendal, fastsleg Sella.

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen